



Dei jubilerande konfirmantane på Solheim ved slutten på jubileet i ettermiddag

**Dette har vore så givande, sa Inger Myklebust, konfirmert i 1950, ved avrundingen av konfirmantjubileet på Solheim Turiststasjon i ettermiddag. Det var nesten ikkje måte på rosen til eit svært vellukka arrangement i regi av soknerådet og med Tormod Myklebust som leiar. Dei 34 konfirmantane frå 6 kull og pårørende reiste heim både med mange både oppfriska og nye minner frå Uskedalen**

Kyrkja var full med 170 plassar opptekne under gudstenesten med sokneprest Kristian Due i føremiddag. Det var både utdeling av bøker til 4-åringar og 6-åringar, dåp og presentasjon av jublantane. På Solheim like etterpå vart det servert middag

Orlaug Mentzoni (konfirmert i 1951) fortalde frå skulen i Bringedalsbygda. Gunvor Landa (konfirmert i 1950) som har både mange gode historier og utruleg mange plagg presenterte den praktfulle konfirmasjonskjolen som var laga på Rabben. Også Inga Feet (konfirmert i 1961) var begeistra over jubileet, men hadde gjerne sett at dei også hadde hatt ein kveld saman.

Soknepresten og Tormod Myklebust avslutta og Myklebust gjorde det slik: - Livet er kort og døden er viss, men evigheten er uendeleg. Han konkluderte med at det hadde vore ein fest å få til dette arrangementet, som skal gjentakast om 2 år.

Og i 2014 runder kyrkja 2014.

Det blir med andre ord mykje merksemd rundt det kyrkjelege i Uskedalen i tida framover.

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen